



Søk regionale miljøtilskot elektronisk

I 2014 er det endå enklare å levere søknaden om regionalt miljøtilskot på internett. Me håpar at du vil søke elektronisk.

I denne brosjyra finn du ei beskriving av korleis du søker elektronisk med tips og råd til utfylling. **Ta vare på den og finn den fram når du skal søke.** Du kan òg få hjelp og rettleiing hjå kommunen din.

Du kan søke elektronisk frå 1. august!

Elektronisk søknad har fleire fordelar:

- Kartteikningane frå i fjor kan brukast på nytt
- Du får ferdig utfylte opplysningar om føretaket
- Du får fortløpande beskjed om du har fylt ut skjemaet rett
- Det blir kontrollert at du fører opplysningane rett
- Du får kvittering på at søknaden er motteke
- I Altinn kan du sjå når det er gjort vedtak på søknaden

Lever søknaden elektronisk

- trygt og sikkert på www.landbruksdirektoratet.no

Kva må du gjera på førehand?

Du trenger berre ein vanleg nettlesar for å søke. Dersom du ikkje har tilgong til ei datamaskin, kan du kontakte landbruksansvarlig i kommunen din. Dei kan hjelpe deg med å få lagt inn søknaden elektronisk.

Sjølve søknadsskjemaet ligg i Altinn, så du må logge deg på med MinID eller BankID. Det er lurt å ordne dette i god tid før du skal fylle ut søknaden.

Slik søker du elektronisk

Gå til www.landbruksdirektoratet.no. På framsida til nettsida finn du eit banner der det står «Søk om tilskudd i landbruket elektronisk» som du kan trykke på. Du finn der ei direktelenke til skjemaet i Altinn.

Søk tilskudd elektronisk Her kan du søke tilskudd i landbruket elektronisk.

Når du kjem inn i Altinn, hugs at du må velje å representere føretaket og ikkje deg sjølv som person.

Når du har kome inn i søknadsskjemaet får du sjå grunnopplysningane om føretaket ditt. På denne sida vel du kva fylke du skal søke i.

The screenshot shows the Altinn web interface for submitting a regional environmental grant application in 2013. The user is logged in as LARS LANDMARK, representing company no. 910266152-ØYE O. The application is titled "Søknad om regionalt miljøtilskot 2013". The interface is in Norwegian and shows the following details:

- Navigation:** < Til Min meldingsboks, 1. Utfyllar ⇒ 2. Innsending ⇒ Vis prosessdetaljar
- Overview:** Oversikt - skjema og vedlegg, Hovudskjema
- Skjema:** Søknad om regionalt miljøtilskot 2013
- Left Menu:** Vel side i skjemaet ved å klikke på sidenamn under. Grunnopplysningar (selected), Eigedomar, Miljøtiltak på kart, Andre miljøtiltak, Tilleggsinformasjon, Samandrag, Om ordninga
- Header:** altinn logo, LARS LANDMARK representerer no 910266152-ØYE O, Statens landbruksforvaltning (Norwegian Agricultural Authority)
- Section: Grunnopplysningar**

Desse opplysningane er henta frå Einingsregisteret i Brønnøysund. Du kan endre opplysningane ved å gå til «Samordna registermelding» i Altinn. Har du spørsmål, ta kontakt med kommunen.

Organisasjonsnummer	910266152
Namn	OR KAKSRUD
Telefon	[Redacted]
E-post	ola.nordmann@gmail.com
Innehavar	Halvor Ole Kaksrud Klever
- Section: Søknaden gjeld**

Vel fylket der du utfører miljøtiltak. Hvis du utfører miljøtiltak i fleire fylke, må du fylle ut ein eigen søknad for kvart fylke. Ver merksam på at du ikkje kan endre fylke i denne søknaden når du først har starta å fylle ut skjema.

Søknadsfylke	Oslo og Akershus
Saksbehandlande kommune	Skedsmo
- Footer:** << Forrige, Neste >>, Kontroller skjema

Eigedomar

Når du har valgt fylke, trykker du *Neste*>> og legg inn eigedomane der miljøtiltaka skal utførast.

Søkte du i fjor vil eigedomane du hadde tiltak på i fjor automatisk vere fylt ut i søknadsskjemaet.

Dersom du ikkje hadde RMP-søknad i fjor, men har sendt inn elektronisk søknad for produksjonstilskot i år, vil eigedommane derifrå allereie vere fylt ut i søknadsskjemaet.

Miljøtiltak på kart

De fleste tiltaka skal stadfestast i kart.

Trykk *Neste*>> for å komme til sida *Miljøtiltak på kart*. Her må du trykke på knappen Åpne kart.

Søkte du i fjor får du spørsmål om du vil importere kartteikningane kommunen godkjente i 2013. Dette kan ta litt tid sidan alle kartteikningane du hadde skal hentast opp. Du kan etter denne importen endre/slette og leggje til nye teikningar. Du kan òg velje å importere kartteikningane frå i fjor seinare. **Merk** at ein import undervegs i teikneprosessen betyr at det du allereie har teikna i år vil bli sletta, og du må legge til eventuelle nye teikningar på nytt etter importen.



Dersom du ikkje søkte i fjor får du sjå den første eigedomen som er lagt inn i søknaden. Du kan berre teikne inn tiltak på ein eigedom om gongen. Har du fleire eigedomar du skal søke for, kan du bytte mellom desse i nedtrekksmenyen øverst i kartvindauget. *Dersom du ynskjer å legge til andre eigedomar i søknaden, må du gjere dette i søknadsskjemaet.*

Importknapp

Registrer tiltak for eiendom 0221-110/1/0

Velg tiltak ... Tegn i kart eller Velg område

Registrerte tiltak	Tiltaksklasse	Mengde	Fjern alle
0221-110/1/0 Velg	Ingen tiltak registrert for denne eiendommen		0 tiltak
0221-113/3/0 Velg	Ingen tiltak registrert for denne eiendommen		0 tiltak

1. Trykk på *Velg tiltak... øvst* i kartet.
I lista er alle tiltak som finst i fylket tilgjengeleg. Lista er sortert på aktivitetsområde og tiltak. Skal du velje tiltaksklasse, skal du velje dette etter at tiltaket er teikna inn.
2. Før du kan teikne, må du velje mellom «Tegn i kart»  eller «Velg område» .
3. Velg område: Du kan no velje ein markslagsfigur innanfor eigendommen med eit enkelt klikk i kartet.
4. Tegn i kart: Du får beskjed om tiltaket skal teiknast som punkt, linje eller flate.
 - Punkt skal teiknast med eit klikk i kartet.
 - Linjer skal teiknast med fleire klikk i kartet. Avslutt med eit dobbeltklikk.
 - Flater skal teiknast med eit klikk for kvart hjørne av området. Avslutt med eit dobbeltklikk.

Dersom kartet syner eit merka område i blått, kan tiltaket berre teiknas innanfor dette. Teiknar du utanfor, vil det automatisk bli klippa vekk. Det er ikkje naudsynt å teikne nøyaktig langs eigedomsgrenser ol.

5. Trykk «Lagre» og hald fram med innteikningane. Trykk «Angre» dersom du ikkje vil lagre tiltaket.
6. Når du er ferdig, trykkjer du «Avslutt» øvst til høgre og blir sendt tilbake til søknadsskjema.

Alle tiltaka du har teikna blir vist i ei liste under kartet. Her kan du trykke på *Endre* eller *Slett* for å rette opp i tiltaka.

Når du har teikna i kartet, må du trykke på «Hent kartdata» for å få tiltaka med i søknaden.

HUGS: Ta kontakt med landbruksansvarleg kommunen din dersom du trenger hjelp med å teikne i kartet.

Andre miljøtiltak

Nokre tiltak skal ikkje teiknast i kart. Dette er:

- Beite i utmark
- Bevaringsverdige husdyrassar
- Drift av enkelt- eller felleseter med foredling.

Dersom du søker om tilskot til desse tiltaka, skal dei fyllast ut på sida *Andre miljøtiltak*.

Tilleggsinformasjon

Trykk *Neste* for å komme til sida *Tilleggsinformasjon*. Her må du krysse av for dei eigenerklæringane som gjeld for deg. Dersom du har ei melding til sakshandsamar, kan du skrive det her.

Vil du leggje til vedlegg, trykk på fanen øvst til venstre:

[Oversikt - skjema og vedlegg](#)

Samandrag

Gå vidare til *Sammendrag* for å sjå heile søknaden.

Innsending

Når du er ferdig med søknadsskjemaet, trykkjer du på knappen "Kontroller skjema". Du får då melding om noko må rettast opp. Etter dette trykkjer du "Videre til innsending».


På den siste sida må du til slutt klikke på «Send inn» for å sende inn søknaden. For å vere heilt sikker på at søknaden er sendt inn skal du finne det innsendte skjemaet under «Min meldingsboks - Arkivert». Dersom du ikkje finn det der har du kanskje gløymt å trykkje «Send inn».

Innsyn i saksbehandlingen

Dersom du lurar på om det er gjort eit vedtak på søknaden eller om den er under handsaming, gå til "Mitt landbruksforetak" i Altinn. Der kan du sjå status på søknaden. Her kan du òg sjå på eller endre kontonummeret som tilskotet vert utbetalt til.

Informasjon: **Mitt landbruksforetak**

Registrerte opplysningar



Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Desse opplysningane er henta frå Einingsregisteret i Brønnøysund. Du kan endre opplysningane ved å gå til «Samordna registermelding» i Altinn. Har du spørsmål, ta kontakt med kommunen.

Generell informasjon

Namn på foretak	[REDACTED]
Innehavar	[REDACTED]
Adresse	[REDACTED]
Telefon	[REDACTED]
E-post	[REDACTED]

Kontonummer

Kontonummeret er henta frå Landbruksregisteret. Innvilga tilskot vert utbetalt til dette kontonummeret. «Endre kontonummer» opnar ei ny teneste i eit anna vindauge.

Kontonummer	[REDACTED]	Endre kontonummer
-------------	------------	-----------------------------------

Status på søknader

Status for foretaket sine søknadar om regionalt miljøtilskot.

Gå til "Mitt landbruksforetak" for å sjekke at kontonummeret stemmer.

Nytt kontonummer må du endre i Altinn. Du kan endre dette fram til 3 veker før utbetaling.